



RETNINGSLINER
FOR
KOMMUNAL OVERTAKING
AV
PRIVATE VEGAR
I
HARAM KOMMUNE



Vedtatt av kommunestyret 30.09.2003, sak 57/03



REGLAR FOR KOMMUNAL OVERTAKING AV PRIVAT VEG

1. Kommunestyret eller den det gjev mynde, kan etter søknad i kvart ein skilde høve, og etter avtale med eigarane og brukarane av privat veg, gjere vedtak om kommunal overtaking av privat veg når ein eller fleire av desse føresetnadane er til stades:
 - ❑ Vegen tenar som tilkomst til bustadsamling med minst 4 våningshus/ bustadhus med fast busetnad.
 - ❑ Vegen tenar som sambindingsveg for allmenn ferdsel.
 - ❑ Vegen tenar som tilkomst til friluftsområde.
 - ❑ Vegen tenar som tilkomst til offentleg anlegg og bygningar, eller andre områder av allmenn interesse.

Andre vegar vert ikkje overtatt av kommunen utan at særskilte grunnar tilseier det.

Sjølv om ein eller fleire av ovanstående føresetnadar er til stades, kan ikkje eigarane/ brukarane krevje at kommunen tek over vegen/ vedlikehaldet.

Elles må vegen ha tilknytning til anna offentleg veg, og tilfredstille krav til vegstandard fastsett i vedlegg..

2. Eigeomsrett eller bruksrett til veggrunn med naudsynt plass for snøopplagring, grøfter og innretningar som ein anser naudsynt for å sikre trafikkavviklinga og vegvedlikehaldet, skal overdragast vederlagsfritt til kommunen og **skal** vere fri for hefte. Oppmåling og tinglysing vert betalt av grunneigar (-ar), og kommunen sine rettar skal sikrast ved tinglyst fråsegn/ skøyte.
3. Private avkøyrslar må tilfredstille gjeldande krav til avkøyrsløyve i Haram kommune.
4. Gjerder/murar o.l. som står innanfor erversarealet (jfr.pkt.2), må fjernast før overtaking finn stad. Dersom kommunen finn at det bør vere gjerde mot vegen av omsyn til den almenne ferdsel, kan kommunen forlange at gjerde vert oppsett av eigarane av tilstøytande grunn. Slikt gjerde skal plasserast utanfor erversarealet, dersom kommunen ikkje godkjenner anna plassering.
5. Der beplanting og liknande hindrar tilstrekkeleg fri sikt, kan kommunen krevje desse fjerna utan vederlag jfr. Veglova §31, samt fig.: 900.1
6. Overvatn frå vegbana og stikkrenner må til kvar tid få fri avrenning frå vegområdet.
7. Når vegen er overteken av kommunen skal den opnast for offentleg ferdsel utan hindring frå tidlegare grunneigarar eller naboar. Kommunen vert ikkje ansvarleg for skade på eigedom, gjerde eller andre innretningar som følgje av vanleg vedlikehald, snøbrøyting eller bortleiing av overvatn frå veggrunn, eller ulemper som følgje av auka trafikk.

8. Kommunestyret, eller den det gjev mynde, kan gjere unntak frå desse reglane når tilhøva tilseier dette.



KRAV TIL VEGSTANDARD VED KOMMUNAL OVERTAKING AV PRIVAT VEG

1. Vegbreidd utan grøfter må minimum vere 4m inkludert skuldrer på begge sider av vegbana (ett-felts veg) og minimum 6m inkludert skuldrer på to-felts veg, og ha den utviding i kurver som trengs.
2. Vegen må vere forsynt med tilstrekkeleg dimensjonerte sidegrøfter (min. 2m på kvar side) jfr.fig.907 og stikkrenner (min. 200mm) jfr fig: 909 (nedst). Alle rør skal leggast etter til einkvar tid gjeldande krav/ retningslinjer for slik type rør.
3. Det skal på ett-felts veg vere ein-/tosidig tverrfall 3% og på to-felts veg vere tosidig tverrfall 3% jfr fig: 907.
4. Linjeføringa må vere slik at det er tilstrekkeleg fri sikt, samt oppfylle krav i forhold til vegnormalen 017 del C.
5. Største stigning på vegen skal ikkje overstige 1:8.
6. Vegen må ha ei fri høgde på minst 5,0 m over køyrebana jfr. Vegnormal 017 del D.
7. Veg med ett-felt skal for kvar 200m vere forsynt med møteplass tilstrekkeleg stor til den trafikk vegen er dimensjonert for. Jfr fig. 900.2 (nedst).
8. Der kommunen finn det naudsynt, skal det vere autovern eller tilsvarande jfr fig: 906 og vegnormal 017 del C.
9. Kumlokk og slukrister skal vere av køyresterk type godkjent for 40 t punktbelastning.
10. Blindvegar skal ha ein tilstrekkeleg dimensjonert snuplass i enden jfr fig: 900.2.
11. Vegfundament og vegdekke må tilfredstille krava til aktuell type veg ihht til vegnormal 018 kap. 5. Dimensjonerande aksellast vert satt til 10 tonn.
Utgangspunktet skal vere asfaltdekke i det området som skal vere køyrebane jfr fig 907. For vegar som på grunn av sin bruk mv. er ynskjeleg å oppretthalde som grusveg, skal det ikkje vere krav til fast asfaltdekke.
12. Gatelys langs vegen skal vere ferdig utbygt i samsvar med kommunen sine retningslinjer, jfr vedlegg 911. Kravet gjeld ikkje i område der gatelys er uaktuelt.
13. Kommunestyret eller den det gir fullmakt, kan gjere unntak frå desse reglane når forholda tilseier dette.

PROTOKOLL

Underteikna eigar (ar) og heimelshavar (ar) av eigedomen for veggrunn i Haram kommune vedtar herved bindande for noverande og seinare eigarar av nemde eigedom av veggrunn Haram kommunestyre sine vilkår og vedtak i møte den for overtaking av privat veg omgjort til kommune veg.

Vilkåra er:

1. Gjerder og liknande innretningar som ikkje står i rett avstand frå vegkant (min.2m), skal flyttast av grunneigar (-ar).
2. Eigeomsrett/ bruksrett til veggrunn med turvande grøfter og gjerdeavstand, samt eventuelle snuplassar og møteplassar vert overdregne til kommunen utan utgifter for denne.
3. Private avkøyrslar som ikkje er i orden skal setjast i stand av grunneigar (-ar), og der det er naudsynt forsynast med stikkrenner. Arbeidet må utførast iht til vedlagte krav jfr fig:
4. Overvatn frå vegbana og stikkrenner må til ei kvar tid ha fritt avlaup frå vegområdet.

Merknader:

.....
.....
.....

Desse vilkåra skal tinglysast for kommunen si rekning som varig hefte på overnemnde eidedom (-ar).

..... den/.....20

Gnr...bnr.....:
eigar/heimelshavar

.....
For Haram kommune

PS : Ved event fleire eigarar før på vedlagte ark.

Underskrift på protokoll.

.....
eigar/heimelhavar

.....
eigar/heimelhavar

.....
eigar/heimelhavar

.....
eigar/heimelhavar

.....
eigar/heimelhavar

.....
eigar/heimelhavar

.....
eigar/heimelhavar

.....
eigar/heimelhavar

.....
eigar/heimelhavar

.....
eigar/heimelhavar


.....
eigar/heimelhavar

.....
eigar/heimelhavar

.....den / 20


.....
For Haram kommune

NÅR AVKJØRSEL MUNNER UT I SAMLEVEI




Høyde på hekk og gjerde må ikke overstige 50 cm over gateplan. Hekk og gjerde kan også flyttes utenfor frisisiktsone, merket med rød stiptet strek. Det må være fri sikt 4 meter i avkjørsel. I samlevei må det være fri sikt 24, 50 eller 60 meter, avhengig av fartsgrensen.

NÅR AVKJØRSEL MUNNER UT I BOLIGVEI I TETTBEBYGGELSE



Det må være fri sikt 2 meter inn på avkjørsel. I boligvei med fartsgrense 30 km/t må det være 5 meter fri sikt.

NÅR AVKJØRSEL KRYSSER GANG- SYKKELVEI



Det må være fri sikt 3 meter inn på avkjørsel. Mot gang- sykkelvei må det være 20-40 meter, avhengig av stigningsforhold.

Avkjørsel - Kjørbar tilknytning til veinettet for en eiendom eller et begrenset antall eiendommer

Boligvei - Vei som gir adkomst til boliger


Samlevei - Forbindelsesvei mellom adkomstvei og hovedvei i et differensiert veisystem.

Hovedvei - Overordnet vei i et trafikkdifferensiert veisystem


Rindø Haram kommune på telefon 70 20 75 00 og spør om du er i tvil!

ikni4 900.1

UTFORMING AV SNUPLASS OG MÖTEPLASS




SNUPLASSER



MÖTEPLASS

ikni4 900.2

REKKVERK (AUTOVERN)



REKKVERK MOT SKRÅNING KAN SLØYFAST VISS SKRÅNING
ER LAVARE ENN ANGITT I FIGUREN NEDANFOR

Skråningshellning	Maks skråningshøgde utan rekkverk (m)
> 1 : 1,5	1,0
1 : 1,5	1,0 - 2,9
1 : 2	3,0 - 4,9
1 : 2,5	5,0 - 6,9
1 : 3	7,0 - 10,0
> 1 : 3	

ANDRE BEHOV FOR REKKVERK

FAREMOMENT KAN VERE FYLLINGAR OG UDEFORMERBARE GJENSTANDAR
FAREMOMENTA KAN VERE DJUPE GRØFTER, VATN, M.M.

FJELLSKJÆRINGER M.M. KREVER REKKVERK VISS DET FØREKJEM
UTSTIKKANDE PARTIER PÅ MEIR ENN CA. 0,5 M OG SOM HAR EI FORM
SOM VIL BREMSE ELLER DEFORMERE KØYRETØYET SLIK AT
ALVORLEG PERSONSKADE MÅ PÅREKNSAST.



PÅ STØRRE MURAR ETC. OG PÅ STADAR DER IKKJE DEFORMERBART
REKKVERK MÅ VELGAST, BØR BRUREKKVERK NYTTAST.

Teknisk sektor
Kommunal teknisk drift
6270 Brattvåg

Dato 11.11.02	Konstr./Tegnet	Godkjent	Målestokk	
REKKVERK				Erstatning for: Erstattet av:
				ikni4 906
Henvising:		Beregning:		Haram kommune

GRUSVEGAR


SKJERING OG FYLLING I JORD



- ASFALTDEKKE - 100KG/M²
- VEGDEKKE: KNUST GRUS ELLER GODKJENT TELEFRI MASSE AV VELGRADERTE MATERIALER D_{maks} = 0-32 MM.
- BÆRELAG: KNUST FJELL ELLER GODKJENT TELEFRI MASSE AV VELGRADERTE MATERIALER D_{maks} = 0-50 MM.
- FORSTERKNINGSLAG: SPRENGT FJELL ELLER GODKJENT TELEFRI MASSE AV VELGRADERTE MATERIALER D_{maks} = 0-150 MM.
- DJUPNE GRØFT: MIN. 0,5 M.
- BREIDDE SKULDER: MIN. 0,25 M.

Teknisk sektor Kommunal teknisk drift 6270 Brattvåg			
Dato	Konstr./Tegnet	Godkjent	Målestokk
11.11.02			
Vegprofilar-grusdekke		Erstatning for:	Erstattet av:
		ikni4	907
Henvi sning:		Beregning:	
		Haram kommune	

PRIVAT AVKØYRSLE OG STIKKRENNE



STIKKRENNE SKAL VERE TILSTREKKELEG DIMENSJONERT OG MIN 200MM AV KØYRESTERK RØR.


INNØP:

- SIKRE TILSTREKKELEG KAPASITET.
- HINDRE GJENTETTING (KVIST, GREINAR, LAUV, JMM)
- HINDRE EROSJON OG SIKRE AT VATN IKKJE GAR INN I OVERBYGNING OG TRAU.
- HINDRE FROSTSKADER.
- GI MOGLEGHEIT FOR GENERELT VEDLIKEHALD.

UTLØP:

- SIKRE MOT SETNINGAR OG ANDRE SKADAR PGA. EROSJON/UTVASKING VED RØR OG RØRFUNDAMENT.
- HINDRE VASSHASTIGHET OG RETNIC SOM KAN SKADE TILSTØYTANDE AREAL.
- GI MOGLEGHEIT FOR VEDLIKEHALD.

STIKKRENNE GJENNOM "KOMMUNAL" VEG



KRAV TIL RØR KVALITET OG UTFØRING GJELDER SOM BESKREVET OVANFOR.

Teknisk sektor
Kommunal teknisk drift
6270 Brattvåg

Dato	12.11.02	Konstr./Tegnet	Godkjent	Målestokk	
stikkrenne privat-"kommunal" veg				Erstatning for:	Erstattet av:
				ikni4	909
Henvisning:		Beregning:		Haram kommune	